

Kultur- og likestillingsdepartementet
Lars Øyen

Dykkar ref.
25/7233-

Vår ref.
26/167-2/ASV

Dato
29.04.2026

Høring av forslag til endringer i kringkastingsforskriften om investeringsplikt for audiovisuelle bestillingstjenester

Språkrådet viser til høyringsnotatet *Forslag til endringer i kringkastingsforskriften om investeringsplikt for audiovisuelle bestillingstjenester* frå Kultur- og likestillingsdepartementet 2. februar 2026 med saksnummer 25/7233.

Dette høyringssvaret frå Språkrådet tek føre seg forslaget frå Kultur- og likestillingsdepartementet om å etablera ei plikt for tilbydarar av audiovisuelle bestillingstenester til å investera i norske audiovisuelle verk.

Høyringssvaret inneheld ein overordna merknad om språkpolitikk og merknader til kringkastingslova § 2-23 og til forslag til endring i kringkastingslova § 2-11 *Rapportering om investeringer mv.*

Bakgrunn

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

Språklova gjev offentlege organ ansvar for å bruka, utvikla og styrkja bokmål og nynorsk og dei samiske språka. Offentlege organ har eit særskilt ansvar for å fremja nynorsk, som er det minst brukte norske skriftspråket.

Lova gjev også offentlege organ ansvar for å verna og fremja dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Det inneber at det offentlege skal setja i verk tiltak for å auka bruken av dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk og verna språka mot negative sanksjonar.

Merknader frå Språkrådet

Overordna merknad til høyringa

Språkrådet stør forslaget om å innføra investeringsplikt for å bidra til ei stabil og føreseieleg finansiering av norske audiovisuelle produksjonar, og viser til høyringssvaret vi sende 5. desember 2022 til *Høring om gjennomføring av endringsdirektivet til AMT-direktivet mv.*

Ved behandlinga av forslaget om innføring av investeringsplikt uttalte stortingsfleirtalet at føremålet med plikta er å bidra til ei stabil og føreseieleg finansiering av norske audiovisuelle produksjonar for framtida og slik sett stimulera til filmpolitisk måloppnåing, kulturelt og kunstnarleg mangfald og språkleg utvikling i Noreg.

Språkrådet etterlyser ein tydeleg definisjon av «språkleg utvikling» i denne samanhengen. Dersom investeringsplikta skal bidra til språkleg utvikling i Noreg i tråd med språkpolitikken, må ho vera innretta etter dei sektorovergripande språkpolitiske måla, og dette må koma tydeleg fram i forskrifta.

I kulturmeldinga (Meld. St. 8 (2018–2019)) vert det slått fast at

[d]et er behov for eit rikt og lett tilgjengeleg norskspråkleg kultur- og medietilbod med gode språklege førebilete, slik at det norskspråklege tilbodet vil bli valt i konkurranse med det engelskspråklege. Det er ønskjeleg å stimulere til brei produksjon og bruk av blant anna litteratur, musikk og audiovisuelle produkt på norsk. Dette er med på å auke tilfanget av kultur- og medieinnhald på norsk og leggje til rette for norskspråkleg kulturinnhald av høg kvalitet.

Undertekstar er ein teksttype med stort nedslagsfelt. Derfor trengst det god teksting på begge dei norske skriftspråka. Fleire tilbydarar av audiovisuelt innhald bruker i dag automatisk omsetjing i t.d. filmar eller tv-seriar, og kvaliteten er jamt over låg. Språkrådet meiner at dei audiovisuelle tilbydarane gjennom investeringsplikta også må forplikta seg til å teksta innhaldet sitt på begge skriftspråk og syta for at tekstinga har god kvalitet og følgjer dei offisielle nasjonale retningslinene for teksting. Slik kan investeringsplikta medverka til at ein når det språkpolitiske målet i kulturmeldinga om eit medietilbod med «gode språklege førebilete». Eit krav om teksting på begge skriftspråk og god kvalitet på tekstinga kan takast inn i § 2-23 andre ledd.

Merknad til Kringkastingsloven § 2-23 andre ledd

Andre ledd i kringkastingslova § 2-23 inneheld vilkåra som må vera oppfylte for at eit verk skal reknast som eit «norsk audiovisuelt verk».

Språkrådet stiller seg bak vilkåra i § 2-23 andre ledd, der det heiter at eit norsk audiovisuelt verk kan vera på norsk, på samiske språk eller på eit av dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes. For å framheva det språkpolitiske

ansvaret for å fremja nynorsk etter språklova § 1 bør det presiserast i § 2-23 andre ledd bokstav a at *norsk* betyr både bokmål og nynorsk. Det kan synleggjera dei to likestilte skriftspråka vi har i Noreg.

I høyringsnotatet står det at stortingsfleirtalet framheva at vilkåra i § 2-23 andre ledd inneber at «norske audiovisuelle verk» svarar til definisjonen av «kulturprodukt» (jf. *Forskrift om tilskudd til audiovisuell produksjon* § 1-3 bokstav c), og at definisjonen ekskluderer ikkje-manusbaserte produksjonar og underhaldningsprogram. Språkrådet saknar ei grunngjeving for at desse produksjonane ikkje vert rekna med, og ber om ei vurdering av konsekvensane av ei slik ekskludering. Vil det til dømes føra til fleire ikkje-manusbaserte produksjonar og underhaldningsprogram, fordi investeringsplikta inneber visse administrative og økonomiske konsekvensar for tilbydarane av audiovisuelt innhald? Språkrådet saknar spesifikt ei vurdering av kva avgrensinga har å seia for eitt av føremåla med investeringsplikta – å stimulera til språkleg utvikling.

Språkrådet stør elles forslaget om at Medietilsynet kan henta inn rådgjevande fråsegn frå NFI i vurderinga av norske audiovisuelle verk, og vonar at det vert teke omsyn til språkpolitikk i denne rådgjevinga.

Merknad til forslag til endring i kringkastingsforskrifta § 2-11 *Rapportering om investeringer mv.*

Språkrådet meiner at investeringspliktige tilbydarar også bør rapportere om språk i dei norske audiovisuelle verka dei har investert i, til Medietilsynet. Vi foreslår følgjande endring i § 2-11 bokstav a, merkt i kursiv: «Rapporten skal minst inneholde: a. identifikasjon av hvert norsk audiovisuelt verk det er investert i, *og hvilke språk verket er på, inkl. både talespråk og tekstespråk.*»

Ei slik rapportering vil gjera det lettare for både Medietilsynet og Språkrådet å følgja opp språkpolitiske mål som er fastsette i kulturpolitikken. Rapporteringa vil òg gjera det lettare å vurdere om investeringsplikta tener eitt av føremåla med investeringsplikta – å stimulera til språkleg utvikling.

Vennleg helsing
Marianne Aasgaard
avdelingsdirektør

Annvor Seim Vestrheim
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Kultur- og
likestillingsdepartementet